

**Laurdag 28. april er det på Dønhaug det skjer.  
Klokka 21 startar ein jentetrio  
som heiter Tindra ein konsert som inngår i ein turne. Haugesund og Suldal  
har vore stoppestader før jentene kjem hit og dei skal vidare  
til Hovden.  
Dei presenterar seg som ei av dei  
mest profilerte folkemusikkgruppene i landet og repertoaret er slik at  
humor avløyser det svartaste ålvor.**

Ein annan kontrast er at strålande kjærleik vekslar med botnlaus ulukke.  
Når Tindra opptre smeltar songen, fela og trekkspilet saman til eitt.

Utgangspunktet deira er den norske folkemusikktradisjonen med  
særleg vekt på Rogaland. Det ligg i botnen sjølv når dei 3 framfører  
eigne komposisjonar. Repertoaret spenn frå skuldause bornesongar via  
freske friarviser til såre salmar.

Alle 3 syng, men dei spelar ymse instrument, Åshild Vettrhus spelar  
klokkespel, Jorun Marie Kvernberg fele og hardingfele og Irene Tillung  
akkordeon (trekkspel). Publikum rosar dei både for musikalitet og evne  
til å få med publikum på songane

Av Ola Matti Mathisen